Førsteblad

1.)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 | Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Selje

Emne: Folkeleg Musikinstrument | Bygdelag: Barmöy

Oppskr. av: Sverre Barmen | Gard: Barmen

(adresse): Barmsund | G.nr. 76 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.) Dei instrumentaa som er mest i bruk her er Fele tyskfele – og Hardingfele og et og anna Trekspele. Handorgel som dei sa i gamle dagar» inskjilde deler av instrumentet er Bogen strengene stallen hakebret og felekasse.

2.) for godt og vel hundrad aar siden kom hardangerfela i bruk her. Intil daa var det tyskefele som var brugt.

Hardingfela har sit navn frå Hardanger og er for det meste laga der, ein og anna larte kunsten og arbeide ei og ana fela.

Trekspel og er onyktje brugt her eg for min det synes beire, om trekspillmusik en den anden. Men som sagt det er og blir brukt begge disse instrument vekselvis. for eksempel i Bryllaupa naar den ene er tröit tar den andre fat. likeins aa spele i

1635

lag. det kribler rent i fötene naar eg tenker i hug kor moro det har vore i sodanne lag naar vi hadde god musik!

3) Eg har ikke kjennskap til noken som kan arbeide fele heromkring. Min onkel Sivert Rundereime Barmsund har laga seg ei som han har brukt all si tid. men til salg har han ikke arbeidet noke. han er bygningsmann og har sett op over hundrede hus!

4.) Då eg ikke har korkje Trekspell eller fele er det ikkje godt for meg å tegne disse av.

5). av, aske eik og andre hare tresorter. Det kan eg desverre ikke seie noke om vorvidt matrialen var införd eller ikkje!

6. Dette kan eg ikkje je noke framstelling paa då her ikkje er noken som arbeider voernevnte

7). Strengeinstrumenta blev for det meste kjöpt hos dei handlende. for eksempel hos Erik Fönstelien Maalöy.
der fekk vi baade strenger, og alt tilbehör Kvart. Kvint. Ters og bas.

8) Nå instrumenta var ikke bigda för



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9) Fiolinen holtes i venstre haand med grepet rundt feleha!sen. Og fiolinen blev plassert under haken vilende mot venstr skulderblad. Med höire haand förtes så buen leikende let over strengane samtidig med grepene av fingrene på strengene i felehalsen!

Det er ikke alle givet, aa kunne spelle fele. det lig for, det meste i særlige musikalske slekter vor musikken har vart dyrket i slekt-led efter slektled tilbake i tiden

Nei det har ikke vart skjilnad i gammel og ny tid – det ligg i blodet en vis trang til aa utöve sine tankar og intryk jinom musikken for eksempel Budeiene paa vikifjill- og andre og vidjetne slaatar. og often paa Erdal, disse to er laga i Nordfjord og Mykji spela av skodespelar Alfred Maurstad som og er fra Nordfjord forstnevnte je os et klaart bilete frå livet paa sætra i saman med dyra —

10) Nei eg kjenner ikke til dette.

11) Ja instrumenta var tilkrota med alslags krusedullar og maala med gull og sölvbronse.

12) Nei noken overtru i samband med instrumentå [?] eg ikkje her har vore noke av

13) Dei spelemen som har vore mest nytta her er frå, dei fyrste eg hugsar var Isaak L. Uren no Likningsekretar i Selje vedkommende er ò 60 åra. Han var en mester aa spille og var nytta baade i brylaup og fester.
No2 var Rasmus R Sandvik Barmsund han og er no slutta aa spele. Han har vist og laga en slaat ein. Reilender vis eg ikkje hugsar feil Disse 2. karane skulle ha vart framme i Folkemusiktimen i Studio.
Begge to Felespelarer!
bror til Rasmus Per Sanvik speler trekspel og er serd flink spelemann.

1X) Lurer. Langlur gjaterlur
Lur

Ja mange stader var det før jaterlurer av naver, disse var optil 2 meter lange og rulla i hop av berre naver. Det var ikkje munstykkje men budeiene fekk dei til aa laate likevel. Eg har sjøl prøft aa blaasa paa en slik – snu

1635
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

nokon virtuos trur eg, ikkje eg kunde
bli paa slikt instrument.
Kona mi eig en saadan og den
var flitigt brukt paa satrane, diom
hun er fraa Bjordal i Sogn. Og naar
jentene ville et kvart saa jikk dei
fram på höge nutar og lura ned
til bygdar.

Gutane og kunde lure i gamle dagar!
Eg skal her nevne et et stev som
eg monge gonger har kjemme i hug.

Ungfolkje var paa setra, og kona
maatte heim en tur. en babby
hadde dei og med.
mannen skulle passe barnet.
daa moren blev saa lenge
för hun kom i jen. tok han
luren sin. og song:

Höyre du jenta lisjemora
venta.
Ho svara. Rugge Rugge, du
eg kjemme et nu!"

Det var ikkje noke numstykje
det var never helt i fremste enden

Nei trelurer var her ikko.
ikkje krokete heler „Pilarkorn-

X.) Det har ikkje nokon her!
XI.) disse er ikke i brük her.

XII) Seljefløite er av og til brugt av smågüttane

XIII) Disse er ikke i brük her

XIV) Også denne er ikke benyttet her

XV) Nei

XVI.) ikke denne heller

Bolk B).

Av disse instrumenter er her berre i brük positiv Trekspel og en og anden güitar

2.) Nei. disse to instrümenta er benyttet av baade høge og laage bymann og landsman üan-sit Stand

3.) Dei gamle slaatane blev spilt paa, dei noke nytt og moderne var og er ütan intresse for bondemannen. Disse moderne dansene som byfolket brüker. Miner meg i mange maater paa neger-dans. med bukting i ryggen fagter



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med armene gistikûléring med
trodet lik slangen som bûkter
seg frem efter marken

Det er fasen og mener!

Bolk C.

Av disse instrûmentå er her
brûkt den saakalte a Hesteskramle.
denne er laga av tre og dreies
rûndt paa en akse vor den frem
bringer en kvas skremende
lyd.

Og så er det og brûgt krabbe.
-bûr 2 krabbebûr gnikes mot
verandre disse frembringer en
skûrende lyd Hestene er saa
skjyende redde disse og tar
flukten med en gang disse
er brûkt

Bolk D.

Av disse gamle instrûmentå
er her ikke noken!

1635

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

*fra Sverre Barmen, Barmsund.*

1635

For betre å klårleggja mange av spørsmåla, har Norsk Folkemuseum i emning ei utstelling av folkelege musikkinstrument sumaren 1948. For å få utstellinga så komplett som råd er, vil N.F. gjerne få låna inn sovorne instrument. Vi torer difor spørja Dykk om De har kjennskap til slike instrument eller deler av instrumenta i Dykkar bygd, og om De vil gjera så vel og senda oss ei liste med namn og adresse på folk som har slike, og skriva opp kva slag instrument dei har.
Vi vil så skriva direkte til eigarane og be om å få låna instrumenta. Dei vert haldne assurert og oppbevart i eldsikre hus. Kostnader ved frakt vert godtgjort av Norsk Folkemuseum.
Instrumenta vert sendt attende til eigarane snarast mogeleg etter at utstellinga er ferdig.

| Namn | Adresse | Kva slag instrument | Kven som har gjort det og når (dersom dette er kjent) ? |
|---|---|---|---|
| Gullak Osland | Bjordal Sogn | Hardingfele | |
| Anders Solheim | adr. Ytre Stadtlandet [illegible] Selje | Hardingfele | felem Alfred Madsen Florö |
| | | | |
| Isak A Silden | pr Maalöy Nordfjord | Harpeleik | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |